



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Mandag 25. april 2016 kl. 19.00-20.30.
Neste møte: 13. juni 2016.
Stad: Syltøran
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Vidar Ulvestad
Svein Dalen
Arne Øie
Ole Sæterbø
Øystein Hjelle Bondhus

Forfall: Erling Fiske, Einar Bergheim, Stian Faksnes

Sakliste:

Sak 9/16 Godkjenning av referat frå styremøtet 3. mars

Referatet er godkjent.

- Dagleg leiar og styreleiar følgjer opp oppvaskmaskin i idrettshallen.

Sak 10/16 Oppfølging årsmøte

Status på sakene som skal følgast opp etter årsmøtet vart gjennomgått.

- Revisortilbud vert henta inn slik at styret kan gjere vedtak i september.

Sak 11/16 Rekneskapsrapport frå første kvartal

Nøkkeltala i rapporten vart gjennomgått.

- Dagleg leiar tek kontakt med Kombi Rekneskap og avtalar fristar for bilagsinnlevering i samband med framtidige kvartalsrekneskap. Desse må sjåast i samanheng med framtidige styremøtedatoar.

- Styret meiner at vi bør samle dei økonomiansvarlege i gruppene og ha gjennomgang av økonomiske rutiner og bilagsbehandling saman med idrettskretsen. I så fall må vi gjere eit grundig arbeid på førehand.

Sak 12/16 Val av representantar til årsmøte i Surnadal Idrettsråd

- Årsmøtet er 11. mai.



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Følgjande fem stiller for Surnadal IL:

- Vidar, Ola eller Svein.
- Øystein
- Ein representant frå SIL Alpin
- Ein representant frå SIL Langrenn
- Ein representant frå SIL Fotball

Sak 13/16 Organisering av SIL Allidrett

Det vart orientert om møte i SIL Allidrett og innspel frå leiar Einar Bergheim. Den prinsipielle diskusjonen vert utsett til ein representant frå Allidretten er til stades.

Sak 14/16 Orienteringssaker

- Samordna rapportering (tidl. Idrettsregistreringen) – frist 30.4.

Gruppene må enten registrere medlemstal sjølve eller sende tala til dagleg leiar.

- Søknad om kulturmidlar v/Øystein

Fristen var 15.4., søknad er sendt inn. SIL har søkt om kr. 110.000,-.

- Søknad om hall- og gymsaltider v/Øystein

Fristen var 15.4., søknad er sendt inn. Dagleg leiar følgjer opp tildelinga slik at vi får til ei intern fordeling av tidene våre før sommaren.

- Søknad NIF Flyktningfond v/Øystein

Vi fekk dessverre avslag på søknaden vår i denne søknadsrunden, men prøvar til att ved seinare runder.

- Bygninga i Sæterlia v/Svein

Vi har søkt om førehandsgodkjenning. Svein har vore i møte med Lilli Husby og fleire kommunale tilsette, og vi får førehandsgodkjenning og kan starte bygginga. Vi må signere og tinglyse avtalen, og framvise ei teikning som viser at bygget har inngang både oppe og nede.

Svein, Arne Øie, Anders Grimsmo og Arve Holten skal lage eit detaljert kostnadsoverslag og ein midlertidig/endeleg finansieringsplan. Dette må behandlast i styret seinast i september. Dersom ein må ta opp lån må ein ha eit ekstraordinært årsmøte.

- Utbygging på Nordmarka v/Svein



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Det er snakk om ei asfaltert kombinert rullerulleskiløype/rullestolløype rundt Glønavatnet. Kommunen har teke opp att planane, som er nokre år gamle. Prosjektet stoppa i si tid fordi det vart avslag på fylkesmidlar det vart søkt om. Dette er eit spelemiddelberettiga prosjekt. Det er viktig at vi klarar å spreie dugnadsjobben, slik at Surnadal IL ikkje blir sittande med alt.

- Orientering frå evalueringsmøte i Surnadal Alpinsenter v/Arne.

Arne orienterte frå møtet.

Sak 15/16 Status i gruppene

SIL Alpin:

Alpingruppa har arrangert klubbmeisterskap og skisportens dag, i tillegg til vellykka skirenn med tilreisande frå mellom anna Trondheim og Oppdal. Alpingruppa har og delteke i renn på Vassfjellet og Oppdal, sistnemnde med 25 ungar.

Det ser ut som om gruppa får til eit trenarteam på om lag 5-8 personar neste sesong, og generelt er SIL Alpin på stigande kurs, med mange gode, unge utøvarar.

SIL Langrenn:

Langrenn har arrangert Midt-Norsk Mesterskap og eit par sonerenn. Gruppa konstituerte nytt styre førre veke, og søker om å få arrangere ST-Cup kommande sesong.